



ÅRSMELDING 2023

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Stina Kvaløy Krokedal (styremedlem), Johannes Holten Leifsen (vara), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har hatt ei god blanding av fysiske møte og kommunikasjon på lukka Facebook-gruppe. Det har vore ein del møte i samband med planlegging av revy. VUL har behandla ein god del saker fortløpande på ein god måte.

VUL har som vanleg mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Også dette året har VUL gitt støtte til lønsutgifter til instruktør for dansekurs for småskulen.

Noko inntekt har me hatt på utleige av lyd – og lysanlegg dette året.

VULyd gruppa har hatt eit par rundar nede på huset og rydda. Det er også sett på kva som må gjerast av innkjøp. Dette arbeidet er ikkje avslutta, snarare tvert i mot, her trengs det enda meir jobbing for at det skal bli bra. Bygdahuset må også vera med på dette, det bør monterast kodelås og monterast hyller til utstyret. Dør inn til vaskerom bør blokkerast slik at det vert meir plass til lagring. Ein opplever at utstyr forsvinn, mange mikrofonstativ og mikrofonar er borte. Dette som følge av at det vert leigd ut og personar tek seg inn i lagerrommet og det vert ikkje rydda godt nok. Men, det er på gong.

VUL har ikkje fått arrangert så mykje som me ønskte dette året heller, men dans og HipHop har det vore. Styret har jobba med å få til revy og det blei arrangert eit oppstartsmøte i juni og påfølgande møte like over sommarferien. Det var mykje godt arbeid, men dessverre så datt fleire personar av og me avgjorde på eit møte i januar at revyen blir lagt på «is» grunna manko på folk. I staden for så blir det arrangert vårfest i midten av mars.

V.U.L har søkt og fått desse midlane i 2023:

- Frifondsmidlar: 15.900 kr
- Aktivitetsstøtte Rogaland Ungdomslag: 8000 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- MVA kompensasjon: 1.059 kr

VUL søkte Haugesund Sparebank sitt gåvefond men fekk avslag på den søknaden.



Dette året fekk VUL heile 10.765 kroner som Grasrotmottakar. Me håpar etter kvart enda fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.

Den 11. mars 2023 inviterte Rogaland Ungdomslag årsmøte i Skjold arena. VUL var dette året i valnemnda saman med Kvinnesland UL og BUL. Dette samarbeidet fungerte veldig bra og me fekk på plass nye kandidatar til vallista. Denne presenterte BUL for valnemnda på årsmøtet. VUL hadde planar om å stille på årsmøtet med fleire delegat, men grunna sjukdom og andre årsakar så fekk ikkje VUL stilt med delegat på dette årsmøtet. Det var dumt då det vart arrangert på nordsida av fjorden.

Vikedal bygdahus gjennomførte ikkje fysisk årsmøte for 2023, så ingen representasjon frå VUL si side her heller. Årsmøtepapira vart godkjent per mail for tredje året på rad.

Når det gjeld representasjon så blei VUL invitert til Sandeid UL sin revy «På kanten» 18. februar. Her stilte VUL med to representantar, Johannes og Nils Erik. Takk for invitasjonen og gratulerer til SUL for nok ein fin oppsetjing.

Sandeid barneteater inviterte også VUL til «Putti Plutti Pott» 2. desember, her var VUL representert med styremedlem Tone Helen. Gratulerer til SUL nok ein gong for flott gjennomført barneteater.

VUL gjekk til innkjøp av eit 113 seters brukt amfi (kjøpt på Finn på auksjon). Dette vart frakta ned av transportbyrå og det vart lagra på Stople Maskin sitt lager på Sandeid frå juli til november. Me fekk over natta beskjed om at det måtte flyttast derifrå grunna storkontrakt. Då stilte Mangor Bårdsen opp frå Vindafjord Røde Kors og hjalp oss å få amfiet på lager her i Vikedal på Røde Kors huset. Takk til Rikard Særsten for god hjelp denne lange søndagen i november. Planen er at dette amfiet skal setjast opp på Vikedal bygdahus, men me må gå i dialog med styret i Vikedal Bygdahus for å få endeleg avklaring og lov. Inntil dess så står det på lager.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år med mykje kjekk aktivitet for barn og unge i Vikedal og omegn.

Takk for i år!

27.02.24

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag